

NR. 5 -NOVEMBER 2024

MASFJORDINGEN

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune

Del 2

Til denne utgåva av Masfjordingen
har redaksjonen fått inn MYKJE lesestoff.

Ettersom kopimaskina på kommunehuset seier
stopp ved 44 sider, må me utvida ved å laga eit
ekstra innstikk i bladet.

Takk for alle bidrag til Masfjordingen!

Helsing redaksjonen

ELDREFESTEN PÅ SOLHEIM GRENDAAHUS

Festen byrja med opning og diktlesing ved leier i eldrerådet Svein Kvamsdal. Rundt 70 påmeldte var klare ved dei flotte pynta borda på Solheim grendahus.

Kulturskuleelev Anne Pernille Oppedal og Jon Martin Skaug opna festen med ein sang om humørbonden frå Hjelmås. Else Iren Westervik og Boris Kuprijanov hadde mange flotte musikkinnslag og song og spelte til allsongen. Marianne Hole frå Bergen hadde festtalen, og viste stort engasjement då ho snakka om sin innsats for fosterbarn, og korleis dette igjen hadde ført til vidare engasjement for ungdom, som igjen har ført til utvikling av aktivitetstilbod for eldre knytt til ungdomshuset i Fyllingsdalen. Unge uføre er då med som frivillige, og dette miljøet er vorte viktig både for unge og eldre.

Ho fekk etter talen alle i salen til å danse til Village People sin megahit»YMCA«:

Etter pausen var det minikonsert med song av Else Irene Westervik og musikk framført av Boris Kuprijanov. Dei byrja med den kjente songen til Ola Bremnes «Har du fyr», som vart avslutta med allsong på refrenget. Vidare vart fleire tekstar av Arne Høyland framført, mellom anna «Da kvita golvteppet», som handla om kor flott det er å vera på skitur om vinteren. Seinare vart teksten «Reisebrev» framført, ein song som handla om ei ferjereise bort frå alle store miljøutfordringar her på jorda. Songen «Aks av gull» skapte flott høgtid hjå festdeltakarane, ein songtekst oversett til norsk frå artisten Sting.

God middag får ikål og sviskekompott, og seinare eit imponerende kakebord med kaffi. Kjekke 10.klassingar stod for serveringa.

Vidare var det underhaldning ved Marianne Hole, som spelte ei utspjåka dame frå Bergen, som var glad i å snakke om korleis brystene sine hadde utvikla seg, til stor glede for forsamlinga. Tale ved ordførar Erlend Kvamsdal byrja med å



gratulere alle med eldredagen. Deretter hadde han fokus på dei viktigaste sakene som det vert jobba med i kommunen for tida. Både Masfjordbrua, datasenter på Matre, utbygging av idrettsanlegget på Hosteland, og arbeid med vegutbetringar gjekk han grundig inn på. Han tok og opp planane knytt til Haugsvær Panorama, og oppstart av forprosjekt for fleirbrukshall i Nordbygda.

Tekst og foto: Sveinung Toft

ELDREPRISEN 2024

**Eldreprisen for 2024 vart tildelt
Torill Vågseth Kristoffersen for prisverdig
samfunnsgagnleg arbeid, og særleg med
tanke på innsatsen for pensjonistar.**

Ordføraren delte ut prisdiplomet saman med blomar, og det var stor applaus frå salen under og etter utdelinga.

Prisvinnaren i år er ein person som har vore med og lagt til rette aktivitetar for heile bygda, men som også har hatt auga og omtanke for den einskilde. På festen i dag er tilrettelagt og arrangert av Eldrerådet, der alle tre Pensjonistforbunda i fjorden har kvar sitt medlem. Difor er det ei spesiell glede å gje prisen til ein person som var med og samla medlemmer til stiftingsmøtet for Pensjonistforbundet Indre Masfjorden. Johannes Vågset var den som hadde ivra for at pensjonistane måtte ha eit lokallag av Pensjonistforbundet, og prisvinnaren tok på seg å hjelpe Johannes med å få folk til å melde seg inn. Dette var i 1982, og prisvinnaren var den gongen ikkje fylt 30 år.

Gleda med å vere ilag med eldre folk har følgt prisvinnaren heilt frå barndommen. Opp gjennom åra har vinnaren besøkt einslege naboar i bygda, kanskje berre gått innom for ein kvardagsprat, men også for å gjere ei lita handsrekking. Å få litt praktisk hjelp, sjølv med slikt me kanskje ser på som småting, betyr mykje for den som tek imot, og som ikkje greier så mykje sjølv lenger.

Tidlegare var det ikkje vanleg at alle hadde sertifikat, i alle fall ikkje damer som var oppe i åra. Difor var dei årlege julehandleturane til helselaget med buss til f.eks. Åsane eit kjærkomme tilbod. Då var det godt å ha litt yngre folk med seg som hadde ein arm å halde i, som visste om lure butikkar, og som hadde ein neve å bere posane i. Også pensjonistlaget hadde, og har framleis turar, og prisvinnaren har meir enn ein gong framigjennom vore med som følge for eigne nære, eller som støtte for andre.

Å få stelt seg på håret var heller ikkje så enkelt når det ikkje fanst ein einaste frisør på lang avstand. Kjel-



larstova til prisvinnaren vart rydda og brukt til frisørsalong. Det blei gjort avtale med ulike utdanna frisørar som rigga seg til i kjellaren, og damene i indre fjorden kom, og gjekk heim att frå kjellarstova med ny sveis. Den me heidrar i dag trakterte med kaker og kaffi.

Før vart det ein gong i veka arrangert faste eldretreff i indre fjorden, ein tysdag på Haugsvær, og neste på Matre. Føremålet var så enkelt som å komme ilag for å sjå kvarandre, og å prate ilag. Og ha måltid ilag. Menyen var betasuppe, difor vart møta kalla suppetreff. Prisvinnaren var fast kokk. Ingen bruk av halvferdige ingrediensar, kokken laga alt frå grunnen av, kokte kjøt og skrelte poteter!

Prisvinnaren har vore med i styret for Haugsvær Helselag i mange år. Det er eit lag med mange aktivitetar, og vinnaren har heile tida vore ei solid drivkraft for basarar og lagsmøte, vore med og laga til julegrantenninga i bygda, og arbeidd med forskjellige aksjonsdagar. Helselaget driv også Bua på Haugsvær som sel lokalproduserte husflidsvarer. Her har prisvinnaren hatt ei heilt sentral rolle med drifta. I opningstida kvar laurdag vert det kokt kaffi og servert vaflar til dei som stikk innom. Bua har vorte ein solid møteplass, og trongare og trongare har det vorte rundt det store bordet. Veldig triveleg at dette også er vorte ein stad der karane treffest.

**Vinnaren av årets Eldrepris er
TORILL VÅGSETH KRISTOFFERSEN.**



”EG ER LURT! EG ER RØRT!”

Det heile starta den 9. april, då Jo Mjanger fekk ein idé: «Frank Kvinge fyller 60 til jul. Han fortener ein fest – helst ein overraskelsesfest. Det må vi få til.» Jo fortalde Jon Martin Skauge om idéen sin, og saman bestemte dei seg for å prøve å setje han ut i livet.

Då var det godt å ha fleire med på laget, og Torill Torsvik Størkersen vart teken med. Derifrå balla det på seg: Nordbygda skulekorps, Sandnes skulemusikk, Fjon musikklag, tidlegare og noverande kulturskuleelevar vart med. Planar vart lagt, dato bestemt, og førebuingane tok for alvor til då skuleåret starta.

Så gjekk det ut innbyding til folk som kunne tenkjast å ville vere med på den hemmelege festen, og det var mange som melde seg på. Det kunne vore langt fleire, men Siddis brass gjorde at ein god del personar som gjerne skulle vore med, ikkje hadde høve til det.

Hovudpersonen sjølv ante ingen ting.



Så kom 2. november, den store dagen. Då klokka var 17:00 sat godt og vel eit hundretals menneske i den flott pynta gymsalen på Sandnes skule og venta, medan ein utsending prøvde å lokke Frank til å kome ned til lokalet. Påskotet var at ein trong litt hjelp til å ordne noko teknisk i samband med eit swing-kurs. Eit fornuftig val av påskot, forresten – Frank er aldri lettare å be enn når han vert beden om hjelp til eitkvart.

Etter å ha venta i om lag eit kvarter, kunne festlyden omsider ta imot ein temmeleg overraska hovudperson. Og vel motteken vart han, av eit fulltonande korps, sett saman av Fjon musikklag og skulekorpsa. Kva melodi kunne vel passa betre enn «Congatulations»? Og kva annan melodi kunne blitt spelt med like mykje innleving og hjartevarme? At «Hurra for deg» vart framført av heile festlyden etterpå med like stort engasjement, var bortimot sjølvsgt.

Då Frank deretter fekk ordet, sa han det som det var: «Eg er lurt! Eg er rørt!»

Så fekk vi som var til stades del i eit flott, og ikkje minst allsidig, kulturprogram. Her var korpsa med, her var det innslag frå familie, frå tidlegare og noverande kulturskuleelevar og kollegaer. Og til mange av innslaga var det knytt historier som på ulikt vis gjorde det tydeleg for alle at Frank har betydd mykje for mange, på så ulikt vis. Som om vi ikkje visste det frå før. Men det er uansett fint å få sett litt lys på det.

Det vil gå for langt å omtale kvart einskilt innslag i kulturprogrammet, men det må likevel vere på sin

plass å nemne Jo og Jon Martin, som på finurleg og høgst humoristisk vis batt saman dei ulike innslaga. Desse to karane har ikkje berre evne til å setje noko i gang. Gjennomføringsevnen er det heller ingen ting å utsetje på.

Etter ei solid matøkt som korpsa hadde ansvar for, var det tid for helsingar og talar. Nokre vart framført der og då, men frå nokre av dei som ikkje kunne vere til stades, kom det ei helsing i form av ein førehandsinnspelt video. Og eit anna innslag frå ein som ikkje hadde høve til å vere til stades, var ein spesiallaga song.

Det var mange godord å høyre, frå alle kantar. Erfaringsmessig har slike hyllingstalar ein tendens til å svippe over i det svulstige og sentimentale. Men ikkje denne gongen. Eg trur dei som var til stades, kjende på at dei mange godorda som vart Frank til del denne kvelden, var fullt fortente og i tråd med deira eiga oppleving av personen Frank.

Men alt har ein ende, og denne festen var ikkje noko unntak. Som avslutning fekk Frank ordet, og han held ein liten takketale som på mange måtar illustrerer kva personen Frank står for, og som syner kva verdiar han har bidrege med inn i fellesskapen: Han takka alle for den fine opplevinga han hadde fått, og verdsette det gode samarbeidet som låg bak. «Når vi samarbeider, er det ikkje grenser for kva vi i Masfjorden kan få til,» var sluttsatsen hans. Det har han nok rett i. Frank brukar å ha det.

Og når julaftan kjem, kan altså Frank feire sine fyrste seksti år. Vi er nok mange som kjem til å sende han ein venleg tanke denne dagen også.



TAKK FOR KONSERTFESTEN!

Eg er overvelda! Eg er takksam!

Og eg er heldig og privilegert som får og har fått vera ein del av eit slikt stort og godt fellesskap i kommunen vår med så mange ressursar, og så flotte og entusiastiske folk med så stor omsorg for kvarandre. Tusen takk til kvar og ein av dykk, for konsert, fest og gåver!

Venleg helsing Frank

Å vera i livet

*Dette: å vera i livet,
open for alt ikring,
bunden med sterke røter
til menneske og til ting,
gi både hjarte og hender
i omsorg som aldri svik,
var det som gav mening
til ferda di
og let deg få kjenne deg rik.*

*Og den som er rik vil ha seg
eit hus som er såleis bygt
at alle som høyrer til huset
kjenner det godt og trygt,
og såleis at framande gjerne
kjem innom dørene der
og auker den rikdom
som finst der før
med alt det dei sjølve er.*

*Fattig var du om aldri
i livet du kjenne fekk
at mellom deg og dei andre
levande straumar gjekk
av tillit og varme som styrkte
kvart band som til livet deg batt,
og lar deg få kjenne,
når alt blir gjort opp,
at meir enn du gav, fekk du att.*

-Haldis Moren Vesaas-

NY MOBILMAST PÅ STEGEBOTSFJELLET

Den 5. november var det markering av at den nye mobiltelefonmasta på Stegebotsfjellet var på plass. Snorklippinga tok ordførar Erlend Kvamsdal og moderniseringsdirektør Arne Quist Christensen frå Telenor seg av, saman med Jan Kvingedal, som har vore kommunen sin prosjektleiar.

Masta vart sett opp etter initiativ frå Masfjorden kommune, og er gjennomført i eit spleiselag med Telenor Norge AS. Kommunen har tatt om lag 2,5 millionar kroner av rekninga knytt til sjølve masta og teknisk bygg, samt framføring av straum, medan Telenor har bidratt med rundt 1 million til antenne og teknisk utstyr.

Det tok om lag to år frå kontrakta blei signert til masta var i drift. Det skjedde 19. september, forklarte moderniseringsdirektør Arne Quist Christensen under markeringa.

Denne masta på Stegebotsfjellet har gitt betre



mobildekning i ytre deler av Masfjorden kommune, og er viktig både for næringslivet og innbyggjarane, samt for beredskapen i denne delen av Masfjorden.

Etter at opningssermonien var ferdig hadde kommunen og Telenor møte om vidare utbetring/ utbygging av mobildekninga andre stadar i Masfjorden kommune.

Tekst og foto: Sveinung Toft, ass. rådmann



Samling utanfor Havkroa i Hjørnevåg

TUR TIL SOLUND 22. OG 23.MAI 2024

22. mai var det avreise frå ferjekaien på Sandnes. Alf hadde planlagt turen og var sjølvskriven guide. Vi var 20 personar, og bussen som venta oss i Duesund hadde ikkje plass til bagasjen. Men Kjellaug tok ansvar og køyrde eigen bil for å få med all bagasjen vår. På Duesund venta Rune Romarheim, ein blid sjåfør. Vi tok plass i bussen. Veret var fint og vi kom vel av garde.

Første etappe gjekk til Rutledal og ferje over til Krakhella 10.10. Vi hadde fått råd om å ta med litt niste, og det smakte godt på ferja.

Etter ein kort stopp på Hardbakke, reiste vi til Daløy og tok ferja over til Ytre Sula. Vi såg at bygginga av brua som skal erstatta denne ferjestrekninga var i godt gjenge.

Lunsjen på Havkroa i Hjørnevåg smakte særst godt. Vi åt breiflabb. Og vi vitja den trivelege landhandelen på Nåra. Ein butikk som hadde stort utval og langt frå berre daglegvarer. På notbøteriet fekk vi omvising. Vi såg korleis dei reingjer og bøter dei store notposane som oppdrettsfisken går i. Vaskemaskinstorleiken var imponerende, men det lukta langtfrå godt. Til slutt



I full fart gjennom trange sund

besøkte vi Husøy kyrkje . Vi var inne i ei vakker og velstelt kyrkje, og stogga opp ved minnestøtta utanfor.

Vi returnerte til Hardbakke same vegen som vi kom, og sjekka inn på Solund leilighetshotell. Dette hadde vore internatbygg for skuleelevar. Alf fortalde om då han budde der i ungdomsskuletida si. Vi fekk middag der og det smakte med mat!

Kvelden var enno ung, så etter middag tok vi endå ein tur. Vi hadde lyst til å sjå Strand, der Alf var oppvak- sen. Vi såg garden han var frå, og i fint sommarver gjekk vi ein liten men opplevelsesrik tur til Solned- gangsbenken på Strand, der utsynet mot havet og solnedgangen slo mot oss. Det opne landskapet mot vest med himmel og hav var storslått og vakkert, og det vart ei god oppleving etter ein innhaldsrik dag. Attende til Hardbakke var det godt å ta kvelden.

Torsdag 23. mai vakna vi til ein god frukost på hotel- let. Vi gledde oss til å sjå Solund frå sjøsida, sola skein og veret var perfekt for båttur. Vi rusla ned på kaien der Stjernesund låg og venta på oss. Om bord møtte vi Hans Gåsvær, og Hallstein Steinsund, to kunnskaps- rike karar som fortalde og svarde på alle spørsmål vi hadde.

Vi kørde gjennom breie og smale sund, i eit vakkert landskap og med solgull i kjølvatnet. Vi gjekk ikkje i land, men stogga ved fleire av heimane vi passerte. I maksver og frå sjøsida såg dei ut som feriestader i millionklassen. Alf fortalde litt om saga til dei ulike gardane. Det var ei soge om hardt arbeid og minte oss på kor viktig fisket hadde vore for levekåra i Solund. På Litle Færøy møtte vi Roar Mo på kaien. Han fortalde om staden og det allsidige arbeidet sitt med å ta vare på staden gjennom ny bruk. Han dreiv mellom anna leirskule. Her kunne unge læra om levekår og historie. Han dreiv og med restaurering av gamle båtar , og dei som kom kunne læra å ro og segle. Då vi kørde vidare fekk vi sjå noko verkeleg

rart, ein liten kanal, akkurat brei nok til ein smal robåt. Han var så smal , på eiga hand hadde vi aldri oppdaga kanalen som ein fiskarbondede hadde laga.

Båtturen enda på Gåsvær. Der møtte vi vøreigar Anne Marie Gåsvær som fortalde om Gåsvær før og no, og serverte oss kaffi og gode sveler. Ho fortalde levande om både folk og bygningar, og utviklinga staden har vore gjennom. Ho har budd på Gåsvær frå ho var 22 år, og er no den einaste fastbuande. Det gjorde inntrykk å høyra korleis ho fraktar sauene sine frå øy til øy der ut i havgapet så dei skulle finna føde. Vi fekk vi sjå oss om i Gåsvær. Det var interessant å gå rundt i bygningane der vi kunne sjå utstyr, reiskapar og husvære som som fortalde historia om livet på Gåsvær gjennom tidene. I hamna arbeidde dei på ein ny kai. Det vert og lagt til rette for ei framtid på Gåsvær.

Vi kørde så attende til Hardbakke og tok farvel med det hyggelege mannskapet på Stjernesund. Etter lunsj på Solund leilighetshotell gjekk vi i bussen og reiste heimatt sama vegen som vi kom- og landa trygt på ferjekaien på Masfjordnes der vi hadde bilane våre.

Ja, alle tykte det hadde vore ein gild tur! Vi snakka om kor utruleg mykje vi hadde opplevd på to dagar, kor mykje vi hadde fått lært om Solund og kor godt vi hadde blitt mottekne av alle dei vi møtte. Planlegginga hadde Alf og Kjellaug stått for, og Alf var superguide. Tusen takk for turen!
Tekst: Lovisa Midtbø, foto: Kjellaug Bolset Strand



På toppen av Gåsvær. Alden i bakgrunnen

EIN PRAT MED TROND VIGGO TORGERSEN

Eg er ein ivrig radiolyttar, og høyrer på radio mange timar om dagen. Det finst mange gode radioprogram både på P1 og P1+. Ein person eg har høyrte mykje på er Trond Viggo Torgersen. Han starta med å arbeida i NRK på 70-talet, men då i TV. I slutten av karrieren var han ein av dei faste programleiarane i Nitimen.

Eg var så heldig å få møta han på Litteraturhuset i Bergen ein ettermiddag i haust.

Trond Viggo er ein travel mann. Når eg møter han er han berre på ei kort mellomlanding i Bergen, på veg frå Oslo til London.

-For tida jobbar eg med mange prosjekt, faktisk fire. Eit prosjekt er «Kroppen for voksne». Der reiser eg rundt med Mari Garås Monsson og har foredrag/samtaler. Så skal eg ha ei forestilling med Else Koss Furuseth som heiter «Resten av livet». Du har kanskje høyrte om NRK-programmet «Hvorfor det?». Det er eit show eg har med Kristopher Schau. I programmet svarar me på spørsmål frå salen. Så skriv eg på ei bok som kjem ut neste haust.

Utdanning og fyrste jobb

-Eg starta å jobba ved Ullevål sjukehus rett etter gymnaset. Eg hadde søkt meg inn på medisinstudiet og måtte jobba for å få tilleggspoeng. Så døde far plutselig og eg trong ekstra inntekt. NRK- bygget på Marienlyst låg rett ved sida av Ullevål. Eg søkte jobb der, men fekk ikkje. Så vart det ledig stilling som «hallodame». Den søkte eg på og fekk jobben! Eg var mann nummer to som var hallodame. Harald Mæle var den fyrste.

Etterkvart fekk eg lov til å laga barnetv- program. Laurdagar måtte det fyllast inn med fleire småprogram mellom barne- tv og fram til Dagsrevyen kl. 19.30. Det jobba eg med fyrst. Så fekk eg spørsmål om eg ville gjera noko anna. Eg ville gjerne læra folk meir om kroppen. Slik vart serien om kroppen og boka «Kroppen» til. Gjennom dette kunne dei vaksne læra sjølv gjennom å sjå barne-tv og lesa saman med barna. I tillegg kunne dei vaksne forklara for barna sine. Når eg seinare begynte å arbeida som lege, var det litt sånn at barna måtte læra foreldra. Dei vaksne vil ha medisinar for alt, også for virus. Då sa eg til barna at det ikkje finst medisin mot virus, og at dei fleste virus-sjukdommar går over av seg sjølv.



Musikk og underhaldning

-Eg har alltid vore opptatt av musikk. I NRK møtte eg Kåre Grøttum. Han sa «du kan vel laga tekstar, så lagar eg musikken?» Det gjorde vi. Plateselskap vart interessert, og i 1976 kom albumet «Kua med fletter og juret på tvers». Det var eit barnealbum.

Eg spurte Kåre Grøttum om me kunne laga ein låt der nokre ord vert bytta ut med lydar. Eg skreiv tekst og Kåre melodi. Ulike folk i bandet lagde dei ulike lydane med ulike instrument. Dette vart til hit-songen «Det var en gang».

- Så møtte eg Georg Keller. Han har blant anna laga melodien til «Hjalmar» og «Tenke sjæl», kanskje dei mest kjende songane mine.

Humorkarakterar og pendling

Eg vart tidleg kjent med komikaren Harald Heide Steen, sidan eg jobba med kona hans på Ullevål. Vi begynte eit samarbeid der vi laga sketsjar. Så balla det på seg etter kvart, og eg utvikla fleire karakterar.

Så vart eg spurt om å lage eit ungdomsprogram, «Halvsju», saman med Karin Julsrud. Dette vart eit svært populært program for ungdom.

Etter å ha flytta litt rundt i landet enda me i Bergen i 1987. Livet var mykje rolegare her enn i Oslo. Eg haldt fram med å jobba austpå. Eg hadde vanskar med å seia nei til jobbtilbod, så det vart mykje reising. Eg måtte kombinera å bu i Bergen og jobba i Oslo. Så vart eg spurt om å bli barneombod. Eg sa ja til det, og starta i stillinga i 1989. Det var vanskeleg med veldig mykje pendling, og veldig travelt i familien, og aller mest for kona mi. Vi hadde tre barn og heldt på å pusse opp. På same tid underviste eg på Gøteborg høgskule, og hadde sketsjar på NRK, «5 på gata». Vaktmeisterrolla i programmet Lørdan var og i denne perioden. Kona mi sa stopp, og bestemte at ho skulle ha fri frå meg og barna annakvar helg. Då gjekk ho tur og var saman med andre ho ville vera saman med. Ho ringte ikkje heim eingong!

Sjef i NRK 2

-Eg var barneombod i seks år, til 1995. Då vart eg spurt om å bli med i leiinga i NRK. Eg vart spesialrådgivar for fjernsynsdirektøren. Det vart mykje reising. Flaug rundt omkring for å læra digitalisering. Så vart sjefen for NRK 2 sparka i 1998, og eg vart sjef der. Å bli sjef medførte og å bli dårlegare likt. Eg vart spurt om å leia TV- aksjonen i 2000. Eg ville ha med Anne Grosvold, men då ho ikkje kunne, ville eg leia programmet åleine. Det er fyrste, og kanskje einaste, gong nokon har leia TV- aksjonen åtte timar solo på direkten.

I radioen og kommandør av St. Olavs Orden

-Så var eg litt lei av å vera på TV. Kan eg kanskje bli eit radiomenneske, lurte eg på? «Reiseradioen» synest eg var eit dårleg program. Eg ville fornya heile Reiseradioen! Det fekk eg ikkje. Så fekk eg vera programleiar som sjukevikar i Nitimen til eg seinare fekk tilbod om å bli fast programleiar. Men før eg vart programleiar hadde eg eit fast innslag der eg var Nitimen sin «fastlege».

Eg hadde nok best match med Mari Garås Monsson og Knut Folkestad. Vi jobba ofte saman i helgene. Gjennom coronatida sendte eg frå loftet mitt heime i Bergen. Knut sendte frå eit kott i gangen! Det gjekk

fint, men det var sjølv sagt best og kjekkast å senda frå Oslo saman med andre i studio. Eg ville gjerne halda fram å arbeida i NRK etter eg nådde pensjonistgrensa, men personalsjefen var streng og sa at ein kan ikkje jobba i NRK lenger når ein hadde passert 70 år.

Når eg tenker tilbake på direkte radiosendingar trur eg at eg opplevde det som litt skummelt, men og veldig tilfredsstillande. Du må vera konsentrert og til stades. Det blir meir ein samtale og ikkje berre eit intervju. Eg er stolt av å ha bidratt til det i radio. I Nitimen fekk vi søndagsgjester. Då kunne vi sitja lenge og prate saman.

-I år vart eg utnemnd til kommandør av St. Olavs Orden. Kongen lurte på om «20 spørsmål» var rein improvisasjon? Det var det. -Det hadde jeg aldri turt, sa kongen. Så der tenkte eg at eg er litt tøffare enn kongen! Det er kjekt med improvisasjon, men ein må stola på dei ein jobbar med.

Kva har vore kjekkast å jobbe med?

-Å, det er så mange ting!

-Dei siste 13 åra har eg undervist medisinstudentar i å snakke ordentleg med pasientar, om å snakka med folk utifrå deira premisser, vera ein god lyttar.

Noko du hugsar spesielt godt frå livet ditt?

-Eg hugsar sjølv sagt veldig godt då eg traff kona mi! Frå yrkeslivet hugsar eg veldig godt ei diger flause då eg hadde rolla som vaktmeisteren i LørDan. Eg la ei pleksiglasplate under lokket til pianoet til Kjell Bekkelund. Han skulle framføra eit stykke på piano. Eg synest det vart veldig morosamt når han skulle spela, men han var ein svært sjølvhøgtideleg mann, så han vart skikkeleg sint. Han var framleis sint på meg seinare då eg som NRK- sjef vart bedt heim til han. Han spurte om eg hadde visittkort. Det hadde eg. Han tok det og kasta det! -Men no er eg 72 år og pensjonist. Det er veldig rart, synest eg. Kona mi slutta i jobben og vart pensjonist i år. Ho var med og etablerte Litteraturhuset i Bergen i 2013, og har jobba der sidan. No står me på farten til nokre dagar i London. Der skal vi sjå på teaterstykke og henta inspirasjon til alt det som ventar. Har det nesten meir travelt no enn før. Pensjonistomgrepet passar ikkje heilt på meg.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

REISEBREV FRÅ UNGARN

No i haust har eg og sju andre elevar frå Nordbygda skule reist til Budapest i ein veke for å oppleve dagleglivet til elevar i andre land.

Dette er eit Erasmus+ prosjekt - men kva er egentleg Erasmus+?

Erasmus+ er eit program som barnehagar, skular, kommunar og fylker kan søke om midlar til forskjellige prosjekt hos. Me på Nordbygda skule samarbeider med to andre skular; ein i Tyskland og ein i Ungarn. Der har me eit prosjekt om å gjere skulane våre meir berekraftige. Me var åtte elevar som fekk reise for å oppleve ein anna kvardag, saman med lærarane Endre Nystrand og Anita Hjartholm.

Me reiste ein søndag. Då kom me til Budapest med fly seint på kvelden. Sidan me ikkje skulle møte vertsfamiliane før dagen etter, sov me på eit litt skummelt vertshus. Morgonen etter åt me forskjellige bakstverk til frukost, før me tok minibuss til skulen. Då me kom, stod familiane og venta på oss. Me fekk helse på dei, før me leverte bagasjen vår til foreldra og gjekk inn på skulen. Skulen var stor og høg, eg trur det var tre eller fire etasjar.

Første dagen bar det ut på tur. Det var kok-varmt for oss nordmenn, men dei frå Ungarn såg ikkje ut som dei la merke til det. Dei som ville kunne gå opp på ein liten topp med eit stort kors på, samt nokon skilt



og statuar. Det såg veldig kristent ut der, men når eg spurte verten min om religion virka det ikkje som om det var noko viktig for henne, ho visste ikkje så mykje om religion. Etter å ha gått opp på den vesle toppen, og sveitta oss i hel av varmen, sa dei plutselig at me skulle opp på ein fjelltopp. Så då var det berre å gå.

Det var ikkje så tungt å gå opp, men det var så varmt att det vart hardt likevel.

Då me kom opp til utsikta, var me nordmenn så varme at me stod i skuggen bak ei kyrkje, smurde oss med solkrem og drakk masse vatn. Me snakka litt med elevar og lærarar om reglar på skulen deira.

Etter å ha vore ved kyrka på fjellet, gjekk me heim og eg møtte resten av vertsfamilien. Seinare den dagen reiste eg saman med verten min, Emma, og mora hennar til Buda Castle District. Der var det eit slott og masse butikkar, det var veldig fint der. Me kjøpte chimney cake med nutella. Her møtte me nokre av dei andre frå Nordbygda, saman med deira vertsfamiliar.

Gruppearbeid og Per Spelmann

Dagen etter var me på skulen og hadde gruppearbeid. Eigentleg hadde dei frukost på skulen, men Emma og familien liker ikkje den maten, så me stoppa på eit italiensk bakeri. Der kjøpte me sandwich og ein type sitronbrus frå Italia. Eg var på gruppe med tre ungarske elevar og to tyske. Før me starta arbeidet, kom det inn ei songgruppe som skulle synge ein song frå kvart av landa. Det vart ganske flaut, fordi den tyske songen var veldig kul, mens den norske songen var Per Spelmann. I gruppearbeidet var det veldig vanskeleg å vere den einaste norske, for alle prata berre på sitt eige språk. Det hadde vore betre om alle snakka meir på engelsk.

Kronjuvelar og traktor-tur

Dagen etter reiste me til sentrum og såg på det ungarske parlamentet. Det er ein stor og kjempeflott bygning, der dei har statsmøte, og dei oppbevarer kronjuvelane der. Det var dessverre ikkje lov å ta bilde i det finaste rommet der kronjuvelane var, det var strengt vakta av vaktar. Etter at me var på parlamentet, gjekk me på shopping og kjøpte mykje fint - som klede, godteri, mat, plakatar, og ein blomster-is.

Den tredje dagen hadde me presentasjon av gruppearbeidet vårt. Eg og ein ungarsk gut, Zsolti, bytta språk. Eg snakka ungarsk og han snakka norsk, det var gøy og utfordrande. Etter skuledagen reiste eg og eit par andre frå Nordbygda på tur saman med vertsfamiliane våre. Me sat då i ei vogn bak ein traktor, medan faren til Emma fortalte om byen og at det var sjukt mange vingardar der. Det var skikkeleg gøy, og etterpå blei det middag på heile gjengen på restaurant. Me fekk noko som minna om brød, med rømme og spekekjøtt og til slutt kjøtt av and.



Dagen etter skulle me på skule og vere med i ein engelsk time. I engelsktimen snakka ein ungarsk gut som ikkje var i Erasmus + gruppa. Han fortalt om skulen deira og korleis ting fungerer der. Me lærte blant anna at dei var rundt 800 elevar frå 1. til 8. klasse på denne skulen. Så fortalte Endre litt om vår skule, her fortalte han om mykje det same som den ungarske guten, slik at me kunne samanlikne. Etterpå høyrte me på litt musikk frå Ungarn og litt frå Norge, me spelte blant anna Markus og Martinus.

Vepsestikk og tale på ungarsk

Etter skuledagen blei det shopping! På butikken var det mykje av alt mogeleg. Shopping er gøy, men eg var uheldig og vart stukken av ein veps og fekk ein allergisk reaksjon. Heldigvis gjekk det bra, med hjelp av allergimedisin. Så var det avslutningsfest, sidan det var avreisedagen etter. Her fekk me ungarsk mat, så det blei mange nye smakar. Det vart og ein del talar, blant anna hadde ein frå Tyskland ein tale på engelsk, og eg prøvde meg på ungarsk. I talen min fortalte eg om korleis opphaldet var og at me koste oss veldig. Til slutt vart det snop og dans med musikk frå dei forskjellige landa. Det var veldig kjekt når elevar frå alle skulane dansa ilag. Morgonen etter var dagen for avreise kommen. Eg har hatt ei super oppleving, og no gleder eg meg til å få besøk av elevane frå Ungarn i april.

Tekst og foto: Mariel Haugsdal Reknes

250 ROPTE KLART NEI TIL VINDINDUSTRI - MED UTESTEMME!

8. oktober arrangerte Folk For Fjella og Nei til vindindustri i Gulen vardedetning mot vindindustri i fjella. Dette var eit av 667 registrerte liknande arrangement kringom heile landet - då i regi av Motvind Norge.

Trass i haustferie og dårlege meldingar møtte over 250 opp for gje klar melding til Norsk Vind as, Eviny, Zephyr, Hydro, Fred Olsen Renewables, Eolus, LO,

NHO, Regjeringa og resten av dei som meiner naturforvaltning og folkemeininga er noko dei ikkje treng bry seg om.

Me vonar deira leiarar og leiande tillitsvalde høyrer grundig gjennom samtlege appellar og kulturinnslag som vart framførte på Haugsvær. Dei finn linken her: <https://www.facebook.com/folkforfjella/videos/542486241654120/>



Hanne Sophie Greve er ei av våre leiande juristar innan menneskerettar og demokrat – både nasjonalt og internasjonalt. Ho held eit særst interessant og fagleg sterkt innlegg.

Ordførar i Alver, Sara Hamre Sekkingstad og ordførar i Masfjorden, Erlend Kvamsdal gav baa klar melding på vegne av seg sjølve og deira kommunestyre: Det er uaktuelt å gje løyve til vindindustri i deira kommunar. Me føreset at dette er den klare meldinga også kvar gong våre folkevalde møter på Ragnhild Janbu Fresvik (Eviny), Espen Borgir Christophersen (Norsk Vind), Olav Rommetveit (Zephyr) eller andre som trur dei kan overkøyra den klare folkeviljen.

Marit Kristin Nygard Nese er folkevald i Modalen og er truleg den sørom Sognefjorden som først får ei konkret sak på bordet. Då var det trygt å høyra hennar klare og godt grunna innlegg. Det lovar godt for det me no har føre oss i Modalen.

Tove Kristin Sleire Tistel er ein av dei Masfjordpolitikarane som har vore oppteken av å halda saka framme i den offentlege debatten. Det er viktig for at utbyggjarane ikkje skal tru at det mogeleg å slå ein kile inn i kommunestyret. Hennar heilhjarta engasjement kom klart fram i appellen.



Anders Emil Midtgård Matre

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn held ein varm og engasjert appell om kor viktig naturen og fjella har vore – og er – for hennar livskvalitet. Mange kjende seg nok att i hennar skildringar.

Ung For Fjella var representert ved Anders Emil Midtgård Matre. Han var klar og tydeleg på at ungdomen forventar og forlangar å verta høyrd av dei med makt og avgjerdsmynde. Han sa mellom anna: «Derfor ser jeg nå til politikerne her. Vi har gjort det tydelig hva vi mener om industrialisering av fjellheimen vår. Hvor lenge skal det være vår jobb å ta denne kampen? Når skal vi kunne lene oss noe lunde tilbake med tryggheten om at politikerne her i regionen, de tar kampen på vegne av oss, folket, som de representerer?

Natur og kultur er to grunnsteinar i eit menneske sitt liv. Difor må me sjølvsagt ha kulturinnslag på eit arrangement der me kjempar for naturen. Anita Vik har gjeve ut ei vakker diktsamling, illustrert med bilete av Sveinung Klyve. Ho vart invitert etter at Folk For Fjella vart merksam og bergtatt av hennar dikt om fjell. Takk.

Masfjordingane Anders Kjetland og Toril Andvik framførte Anders sin låt «pust tå livet». Anders song og gitar akkompangert av vakre tonar frå Toril sin kornett.

Siste verset i Anders si skildring lyder:

***Frå eg byrjar gå
og til eg toppen når
«Her får eg eit pust tå livet
Kanskje er mitt liv
eit vesalt pust i siv
men her vert eg ein del tå fjellmassivet»***

Trass alle gode innslag – det viktigaste av dei alle var oppmøte til kvar og ein av dei over 250 som prioriterte å nytta kvelden til å gje klar melding til alle som skulle ha tankar om å rasera fjella våre med vindindustri: Gløym det – de er ikkje invitert – de er ikkje velkomne – og vårt NEI er endeleg!

Me føreset og forlanger at våre lokale og regionale politikarar på ein klar og eintydig måte formidlar budskapet frå den folkelege mobiliseringa vidare til deira nasjonale politikarar kvar gong ein møter dei. Det same gjeld på møter og konferansar der næringslivet sine representantar freistar å «kjøpa» dei med lovnad om «gull og grønne skogar» om dei berre gjev dei berre seier ja til eit planinitiativ. Samhald gjev styrke. Takk til alle som gjorde sitt til at det vart eit særskilt vellukka arrangement.

Arnold Matre
Folk For Fjella

HURRA FOR GRANNEDAGANE!

Av og til opplever ein ting som ein ikkje i sin villaste fantasi kunne sjå for seg kunne skje.

Som i Granneheimen på Kvingo den siste helga i november. I eit bede- og forsamlingshus frå 1927, eit kvitmåla, vakkert og velstelt hus. I eit hus som i si tid vart gjeve som gåve til Kvingebygda av Størk og Brita Kvinge, «til Guds ære og Kvingegrændens Gavn».

Her var det invitert til Grannedagar. Muskar og musikkprodusent Jon Martin Skauge er nabo til huset. Han hadde ønskje om å skapa meir aktivitet i det staselege bygget. Saman med styret for huset bestemte dei seg for å gjera noko. Jon Martin har opp gjennom åra opparbeidd seg eit stort nettverk av artistar som han gjer innspelningar for og spelar med. Han kontakta nokre av desse, dei var positive til å bidra, og vips, så var eit allsidig kulturprogram over to dagar på plakaten.

Programleiarane Jo og Jon Martin ønskte velkommen og framførte ei sjølvlaga vise før Sissel-Anny Hjelmtveit frå Seim fekk æra av å vera første artist ut. Ho tok oss med på ei reise gjennom livet sitt der ho fortalde og framførde songar som hadde gjort inntrykk på henne, heilt frå ho var lita jente og fram til i dag. Ho framførde og nokre sjølvlaga viser, mellom anna ein julesong.

Neste post på programmet skulle vera Helge Jordal. Han var dessverre blitt sjuk og på kort varsel steppa StepSisters inn. Dette var på ingen måte nokon dårleg erstatning. StepSisters er ein gnistrande god vokaltrio med Anne Veddeng, Lisbeth O.Sandvik og Kristin Bergsvik. Me har sett dei i beste NRK-sendetid i Rune Larsen sin programserie frå Nøsteboden. Med sjarm, utstråling og høg musikalitet fekk dei verkeleg liv i dei kring 70 frammøtte i salen. -Vi leikar med låtar vi likar, sa Kristin då ho skulle prøva å forklara musikkjangeren til songtrioen.

Men kvelden var enno ung, og difor passa det fint at det i matsalen i kjellaren vart servert god laurdagskveldsmat før neste avdeling tok til.

Songfuglen Sofie Ekren (11) er elev i kulturskulen. Ho

gjorde nydelege framføringar av Tir'na Noir og Den finaste eg veit saman med husorkesteret.

Embla Ovidia Dyrkollbotn-Brown (13) frå Matre er og kulturskuleelev og fulgte opp med ein Billie Eilish-låt og ein sjølvlaga, vakker song, med akkompagnement på gitar.

Men tilbake til første setninga i denne teksten.

Det som no skjedde frå scena var langt frå det eg og sikkert mange andre i salen kunne sjå for seg bli servert i ærverdige Granneheimen.

Tre blad Skauge (vokal og gitarar), Aasmund Brekke (tangent) og Espen Vågstøl (slagverk) framførte den neste halvtimen musikk «frå Sinatra til Sting», pop, jazz og rock med musikkprestasjonar, improvisasjonar og soloar på svært høgt nivå. Aldri har veggane i Granneheimen, eller oss publikum opplevd å høyra slik musikk her, men kanskje blir det ikkje lenge til neste gong?!

Publikum kvitterte med trampeklapp og ståande applaus, og på oppfordring frå salen drog bandet i gong med Gitarboogie som ekstranummer.

-Dei kan angra dei som ikkje var her i kveld, var det ein som sa på veg ut. Det kan ein berre seia seg samd i.

Så kom søndagen. Først ut var Jørn Skauge.

Jørn er ein klassisk pianist i toppklassen. Han framførte musikk av Harald Sæverud og to japanske komponistar. Til avslutning fekk publikum høyra Peer gynt-suite nr. 1 av Edvard Grieg der Dovregubben avslutningsvis tordna mellom Granneheimsveggane. Applausen var lang og hjarteleg, og Jørn kvitterte med vakre «Bekken» som ekstranummer.

David Genius er ein bergensar med mange jarn i elden og ordet i si makt. På Grannedagane snakka han rundt temaet «Kan du gjøre noe med det?» der me vart utfordra til å tenka over kor mykje tid og ressursar me brukar på å tenkja på, bekymra oss for eller ergra oss over ting me ikkje kan gjera noko med. Bekymringar er misbruk av framtida! Målet med foredraget var å inspirera folk til å skapa betre dagar slik at livet vert ein hyggeleg stad å vera.

«Gjer du meir enn du skal vil du enda opp med meir enn du har» var ein av konklusjonane i det engasjerande foredraget.

Etter søndagskaffi i matsalen var det Jo og Jon Martin sin tur. Dei drog fram nokre av dei songane dei har dikta saman opp gjennom åra, om bru over Masfjorden, Dagsturhytta og tannlegebesøk. Og trur du ikkje dei slo til med å improvisera fram ein ny song på direkten! Både mellom og undervegs i songane sat gullkorna laust, til stor glede for publikum!

Spennvidda i gjestegalleriet til Jon Martin var stort. Werner Bryn spelar cello. Den store og varme cello-klngen fylte heile salen med musikk av både Mendelssohn og Bach. Werner har samarbeidd mykje med hiphop-artistane Ole Petter Knarvik og David Bryn, der klassisk musikk og hiphop blir sameina. Avslutningsvis gav han ei framføring av «Mitt hjerte alltid vanker», der han spelte inn sitt eige akkompagnement ved hjelp av Loop-boks og til slutt la melodi oppå dette. Originalt og vakkert! Jamie Gina er ein gåverik songar frå Frekhaug. Ho framførte to sjølv laga songar saman med Werner, Jon Martin og trommis Espen Vågstøl, før det var klart for den store finalen der Jon Martin var frontfigur. No vart mannskapet på scena ytterlegare forsterka

av Egil Skjelnes på pedal steel gitar og Svein Tore Hindenes på tangentar. Det vart eit verdig og festleg punktum på ei heilt spesiell helg.

For det er nesten som ein må klypa seg i armen. Skjedde dette her hjå oss i vesle Masfjorden, i den vesle Kvinge-bygda, i eit lite forsamlingshus? Her har profesjonelle artistar kome inn i det heimekoselege lokalet på rekke og rad, gitt av seg sjølv og berika oss tilhøyrarar med kvalitet, og vakre innslag med stor spennvidde og variasjon, der alle i publikum garantert har fått noko dei gjenkjende, musikk dei frå før likte, men og der dei har fått servert musikkuttrykk og instrumentkombinasjonar som dei er mindre vane med.

Ein herleg miks av ulike kulturuttrykk!

Grannedagane har vore ei forfriskande og fin nyskaping på kulturarenaen. Ei stor takk til arrangørane med Jon Martin i spissen for alt dei har lagt ned av arbeid i dette eineståande tiltaket, og for alle dei gode kulturopplevingane me har fått. Eg gler meg alt til neste Grannedagar!

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Sveinung Toft, Frank Kvinge



FRILUFTSLIVETS ÅR 2025

«Friluftslivets år» vert arrangert i heile landet kvart tiande år. Friluftslivets år skal synleggjera og forsterka friluftslivsaktivitetar som me alt har i kommunen. Målet er mange gode arrangement i løpet av året under paraplyen Friluftslivets år, og arrangement og aktivitetar med variasjon.

Aktuelle arenaer/aktivitetar kan vera

- Aktivitetar i friluftsområde/badeområde/skog/fjell
- Institusjonar sine nærområde (skular, barnehage, helselag, idrettslag, turlag m.fl)
- BW-marsjen
- Dagsturhytta
- Stordalen alpinanlegg
- Fjelltrimmen
- Masfjordsprinten- Kjetlandsdalen opp-
- Bosrydding «Like fint som før»
- Uorganiserte aktivitetar
- Tur-konkurransar
- Gode nærturar
- Invitera kvarandre ut
- Prøva nye friluftslivsaktivitetar
- Kursing/opplæring, til dømes kart & kompass, reparera klede og utstyr, fyra bål, telting, friluftslivsreglar mm.

Målgruppa er alle, men særleg barn og unge, dei som vil vera meir aktive og dei som ikkje kjenner friluftslivet så godt.

Friluftslivets år vert sparka i gang med «Heile Noreg bål» laurdag 18. januar.

Målet er å knyta ulike grupper i samfunnet saman gjennom aktivitetar nær der du bur.

I Masfjorden kan det vera aktuelt med arrangement i kvar skulekrins, til dømes skulearrangement fredag 17.01 og i idrettslagsregi 18.01 eller 19.01? Fint om det tek stilling til dette.

Har du eit arrangement du vil søka støtte til? Bergen og Omland friluftsråd har fått tildelt midlar som skal fordelast på deira medlemskommunar.

De kan senda ein kort søknad til kommunen om tilskot til arrangement (utstyr, transport, mat, kurshaldar med meir), så sender kommunen samlesøknad til Bergen og Omland friluftsråd.

Bli med!

For å lukkast med Friluftslivets år i Masfjorden er me heilt avhengige av snarleg respons frå dykk. Info om alle arrangement og aktivitetar i vår kommune, stort og smått, blir publisert på kommunen si heimeside ved årsskiftet, og oppdatert fortløpande.

Fint om de kan starta planlegginga no, og melda inn aktuelle arrangement/aktivitet innan 15. desember til

post@masfjorden.kommune.no

Frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

Kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no

Ta gjerne kontakt dersom du vil drøfta gode idear, har spørsmål med meir.

- Frank Kvinge, fagleiar kultur 97061230
- Kristin Kvamme Rasch, frivilligkoordinator 90104139.



MOT-TUR TIL MEGAZONE

Onsdag 18. september reiste 40 positive og kjekke ungdommar frå heile kommunen til Megazone i Bergen. Der spelte me Lazer Tag, åt pizza og var sosiale ilag. Det var høg temperatur, mange som var svette i luggen og full fres! Arrangementet var ein innartiar, og alle var eining i at dette må me gjere fleire gonger!

MOT til å glede i Masfjorden

Fredag 22. november feira me sjølvaste MOT til å glede-dagen. Denne dagen har me eit ekstra fokus på å glede andre, vere merksam og gjere kjekke ting ilag. I år markerer me dagen på kvar enkelt skule. Dei flinke UMMane på Nordbygda skule laga til felles smørjelunsj til 8. -10.klasse. Deretter fekk ungdomsskuleelevane delta på turnering i volleyball, stikkball og kanonball. Alle fekk kjærlighet, MOT-drops og MOT-kort med fin personleg helsing til kvar enkelt!

På Sandnes skule hadde dei positive UMMane laga til pizzabaguettar og saft til elevane frå 7. -10.klasse. Dei hadde og laga til MOT-kort med personleg helsing til heile skulen, inkludert dei tilsette! Etter lunsj arrangerte dei turnering i fotball, volleyball og basketball. Vinnarlaget fekk ein stor snopepose, og alle fekk is og MOT-drops! Dei avslutta med Kahoot! før alle tok ein velfortent helg!

Den kjekke UMM-gjengen på Matre laga til felleslunsj med tacobaguettar og saft, til 5. -10.klasse. Deretter delte dei inn elevane i to grupper, den eine dansa og hadde Kahoot!, og den andre gruppa var i gymsalen og spelte finsk kanonball. Alle fekk MOT-kort med fine helsingar og MOT-drops!

Fredagskvelden samla me 25 ungdommar frå dei tre skulane våre til sosialt samvær i gymsalen på Matre! Dei spelte volleyball, åt pizza og drakk brus. Veldig kjekt å sjå at me kan klare å knyte vennskap på tvers av skulane!

Me er takksam i MOT for å ha så gode ungdommar på MOT-laget vårt. Dei er positive, løysingsorienterte og inkluderande, som ønskjer å gjere ein positiv forskjell i vår kommune!

Tekst: Merethe Engelsen, MOT



NYTT FRÅ FRIVILLIGSENTRALEN

Frivillig-lokale på Hosteland

Masfjorden frivilligsentral er så heldig å få disponere eit flott lokale i det gamle legekontoret på Hosteland. Vi har ein del aktivitetar der på ettermiddag og vi håpar å få til fleire samlingar /aktivitetar etterkvart. Lokalet kan innbyggjarane låne gratis til ulike aktivitetar ein har lyst å starte opp med, møte eller andre tilstellingar. Lokalet har kjøkken. Ta kontakt med Kristin K. Rasch om du ønskjer å låne lokalet.

Språkkafé

Språk er nøkkelen til god integrering og bidreg til auka deltaking blant personar med innvandrarbakgrunn. Språk opnar dører og bryt barrierar.

På Matre har dyktige frivillige samlast i lag med lærelystige flyktningar og framandspråklege. Her har dei sosialt samvær med kaffi og noko å bite i. Med språktrening blir det mykje lått og løye. Akkurat no er det pause i språkkaféen, men håper på nye treff til våren.

I haust har vi hatt språkkafé på Sandnes-biblioteket. Der, som på Matre, er det dyktige frivillige som vil gjere ein innsats for å integrere våre flyktningar. Her har det vore alt frå matlaging til bålkos, eventyrforteljing og bingo.

Språk-kaféen er eit viktig integreringstiltak i lokalsamfunnet. Språk og trivsel er nøkkelen til god integrering.

Den store klesbytedagen

Takk til alle som leverte inn klede og utstyr. Det var kjekt å sjå at så mange tok turen innom og fann seg noko nytt brukt. Elin sat klar med symaskina og lappa både bukser og genserar, heilt supert!

Liv og Kristin hadde full jobb med å passe på at dei velfylte kles-stativa ikkje datt saman.

I kosekroken var det mykje latter og hygge.

Eventyrstund på Biblioteket vart eventyrleg.

8.klasse gjorde ein flott jobb med servering av gode vaflar, kaker og kaffi.

Håper vi får til ein ny bytedag i Masfjorden om ikkje så lenge. Dette er eit førsteklasses klima- og miljøtiltak! Klesindustrien står for meir av verdas klimagass-utslepp enn fly-og skipsfart til saman. Visste du at vi kan halvere utsleppa frå kleda våre om vi brukar dei dobbelt så lenge?

Klesbytedagen var i regi av Folkebiblioteket og Masfjorden frivilligsentral



Småbarntreff

Vi har hatt koselig småbarntreff på Masfjorden Frivilligsentral. Her møtes småbarnsforeldre som er heime i permisjon til sosialt samver.

Det er ingen faste samlinger.

Ønskjer du å delta eller har spørsmål ta kontakt på 470 52 065.

Barnekor

Velkomen til deg som er førskuleborn og deg som går i 1. og 2.klasse til ei kjekk stund med song-glede og lek.

Foreldra er hjarteleg velkomne til å vere på frivilligsentralen på Hosteland i rommet ved sida av øvingslokalet. Der er det sofa og bord, kaffi og noko å bite i.

Måndagar klokka 17.50 – 18.30.

Birgitte Christiansen leier koret. Ho har lang erfaring innan barnekor.

Førmiddagstreff for seniorar

Siste fredag i månaden inviterer Nordbygda helselag og Pensjonistforbundet Nordbygda i samarbeid med frivilligsentralen til sosialt førmiddagstreff.

Stad: Frivilligsentralen på Hosteland

Tid: 10.30.12.00

Det blir servert kaffi og vafler

Førmiddagstreffa blir:

Fredag 29.11- 31.1-28.2- 28.3-25.4

Det vil bli mogleg å bestille transport på treffa via bestillingstransporten vi har på fredagar. Taxien kan hente deg og køyre deg til butikken for å handle og heim.

Gåverom for alle

I år vil Frivilligsentralen og Masfjorden folkebibliotek i samarbeid med lag og organisasjonar etablere gåverom/gåvekrok der ein kan finne fine gåver både til jul og til bursdagar. I desember vil du finne gåverommet på biblioteka - gåvekroken vil vere open i opningstida til dei ulike biblioteka.

Frå 20. november til og med 4. desember kan du levere inn ting som du tenker kan vera fine gåver. Innlevering blir på våre lokale butikkar på Haugsvær og Kvingo, samt på Fjorden kafe på Hosteland. Det vert og mogleg å levere julegåver direkte på biblioteka i opningstida, etter 4. desember.

Vi tek i mot gåver som kan passe til alle aldrar, men eit ekstra ønskje er gåver til barn og unge. Fint om gáva er innpakka og at ein skriv om den passar til gut/jente og alder.

Vi håpar at mange vil levere inn gåver, men og at de kjem innom og hentar gåver.

Gåverommet vil vere eit tilbod heile året, ikkje berre no i juletida. Slik kan ein også hente bursdagsgåver i løpet av året. Dette er eit gåverom som vi håpar at alle i Masfjorden vil nytte seg av, slik at vi får til gjenbruk som eit miljøbevarande tiltak blant oss alle.

Tekst og foto: Kristin Kvamme Rasch



PARTERING AV SAU PÅ TIMEPLANEN

Ein onsdag i oktober kom Odd Midtbø og Marta Midtbø frå Masfjorden sau og geit på besøk til skulen. Dei hadde med seg ein sau som allereie var slakta.

7. og 9. klasse på Sandnes skulle få vera med på partering av sauen.

Me fekk sjå korleis ribbeina såg ut, kvar ein får pinnekjøtt frå og kva ein kan lage av dei ulike delane av sauen. Marta viste oss korleis ein lagar rullepølse. Mange av jentene fekk lov til å hjelpe til med å sy pølsa saman. Gutane fekk hjelpe til med å sage av foten. Det syntest dei var veldig kjekt. Nokon skar av bryskan. Det var litt ekkelt, men dei blei vane med det etter kvart.

Me syntest alle at dette var veldig lærerikt. No kan me elevane partere sau, så visst du treng hjelp til



dette så kan du sikkert spørja ein av oss. Så vil alle elevane i 7. og 9. takka for at Odd og Marta tok seg tid til å komma og besøka oss. Det var kjempegøy. Kom gjerne tilbake!

Tekst: Ann-Celin Kvingedal Eide

SPRÅK-KAFÉ MED FØRJULSAKTIVITETAR

Språk-kaféen på Sandnes avslutta hausthalvåret med juleverkstad i gymsalen, der kring tjue deltakarar frå Ukraina og Noreg var med.

-Dette vart ein utruleg triveleg kveld, seier Siri Andvik som er ein av leiarane for språk-kaféen. -Og me er takksame for kor flott Berit Lygre og Terje Rasdal hadde førebudd aktivitetsskvelden med å henta inn «råvarer», i tillegg til å ha regien på sjølve produksjonen.

Det vart laga flotte kransar og juledekorasjonar, medan praten gjekk livleg. Dei frå Ukraina fekk læra seg ei rekkje ord knytt opp til jul og juletradisjonar, og alminnelege ord som gran, furu, konglar, mose, lys og pynt vart i løpet av kvelden ein del av vokabularet deira.

Det vart utveksla juleskikkar og julesongar.

- Nokre av oss framførte Himmel på jord, medan dei ukrainske deltakarane kvitterte med to ukrainske julesongar. Kanskje ei norsk-ukrainsk julesonggruppe blir det neste?





-Det er eit privilegium å få vera ein del av språkkaféen, seier Siri. -Me har det så kjekt ilag, og me lærer så mykje av og om kvarandre. Me utviklar venskap. Det er slik me ønskjer at integreringa skal vera, og me ser at sosialiseringa fungerer gjennom at me kan vera dørøpnarar og fortelja om det som rører seg i bygda, og invitera med på alt av arrangement og aktivitetar. No i førjulstida trur eg det blir mange ukrainarar å sjå på julemessene, lystenningar og julekonsertane, nettopp fordi dei veit om det, og at dei har mange andre dei kjenner og som dei ønsker å vera saman med.

-Vi startar opp igjen med språkkaféar over nyttår. Du er velkommen!

Tekst: Redaksjonen

Foto: Synne Kristin Søvde Holmaas



